



Lindås Rør og Sanitær AS
Burkhovdane 1
5914 ISDALSTØ

Referanser:
Dykkar:
Vår: 14/6444 - 15/23609

Saksbehandlar:
Anne Lise Molvik
anne.lise.molvik@lindas.kommune.no

Dato:
17.08.2015

Løyve til dispensasjon og etablering av felles avlaupsleidning - gbnr 148/2 m.fl

Administrativt vedtak. Saknr: 330/15

Tiltakshavar: Litleskaret Avløpsanlegg
Ansvarleg søkjar: Lindås Rør & Sanitær AS
Søknadstype: Søknad om løyve til tiltak med ansvarsrett etter plan- og bygningslova (pbl.) § 20-1

SAKSUTGREIING

Tiltak

Saka gjeld søknad om etablering av felles avlaupsleidning for 13 eigedomar på gnr 148 Litleskare. Saka omfattar søknad om dispensasjon frå kommuneplanen og byggjeforbodet i 100-metersbeltet langs sjø.

Det er søkt om og gjeve utsleppsløyve i vedtak datert 17.08.2015, sak 336/15.

Det vert elles vist til søknad om dispensasjon mottatt 27.04.2015 og søknad om løyve til tiltak mottatt 07.05.2015.

Sakshandsamingsfrist

Søknaden var komplett og klar for handsaming 07.05.2015. Det er ikkje lovfesta frist for handsaming av dispensasjonssøknader mottatt før 01.07.2015.

Planstatus

Tiltaket ligg i uregulert område innafor det som i kommuneplanen sin arealdel er definert som LNF-føremål. I tillegg vert delar av tiltaket råka av byggjeforbodet i 100-metersbeltet langs sjø. Tiltaket krev dispensasjon frå både vedteken arealbruk og byggjeforbodet i strandsona for å kunne godkjennast. I tillegg vil delar av tiltaket liggja innanfor byggjegransa langs fylkesveg 404 og den kommunale vegen til Skarsvågen.

Dispensasjon



Det er søkt dispensasjon med slik grunngjeving:

Samtlige eiendommer som inngår i innsendt søknad om utslippstillatelser, har i dag tett slamavskiller, som kontrolleres og tømmes, etter Lindås Kommune sine retningslinjer, av Johnny Birkeland Transport AS. Utslipp, overvann, ifra slamavskiller går i dag til egna resipient på egen tomt.

Etter Forurensingsloven § 12-8 og §12 – 9, ønsker nå grunneierne i Litleskaret Interimsstyre å utbedre sine private avløpsanlegg ved oppretting av en felles overvannsledning fra sine slamavskillere, til sjø.

Denne ledningen vil føres tilfredsstillende langt fra landegrensa, for å tilfredsstille en dybde som overstiger Forurensingslova § 12 – 11 a) «*utslipp til sjø og ferskvann lokaliseres minst 2 m under laveste vannstand*».

Dybden på planlagt utslippssted er >25 m.

Iht. til pbl § 1-8, sies det at «*I 100 metersbeltet langs sjøen og langs vassdrag skal det tas særlig hensyn til natur- og kulturmiljø, friluftsliv, landskap og andre allmenne interesser*». Da ny ledning vil graves ned, samt gå i borehull deler av traseèn, vil inngrep i terreng og natur ikke bli påvirket av nok grad til avslag på søknad om dispensasjon.

Iht. Arealplan, er det vedtatt at området er avsett til LNF-formål, og vår begrunnelse til dispensasjon være at ettersom ledningen graves ned, samt går i borehull deler av traseèn, vil inngrep i terreng og natur ikke bli påvirket av nok grad til avslag på søknad om dispensasjon.

*Det bemerkes at dette ikkje vil være et tiltak som utføres etter krav fra kommune eller fylke, men eit ønske ifra grunneigarane om forbedre sitt eiga nærmiljø v/ **sanering** av allerede eks. grøfter ifra tette slamavskillere, som nå saneres til sjø etter dybde gitt av gjeldande VA-norm. Dermed meiner vi at dette tiltaket kun vil gje nytteverdi for lokal-samfunnet.*

Uttale frå anna styresmakt

Søknaden har vore send på høyring til Fylkesmannen i Hordaland, Hordaland fylkeskommune, Bergen og Omland Havnevesen og Statens Vegvesen.

Statens Vegvesen skriv uttale mottatt 20.05.2015 følgjande:

Vi viser til Dykkar oversending av 12.05.15 med søknad om dispensasjon frå kommuneplanen sin arealdel for etablering av felles avlaupsanlegg i område avsett til LNF-føremål og delvis innanfor 100-meters beltet langs sjø på gnr. 148 Litleskare i Lindås kommune.

Det vert søkt om å legge separat avlaupsanlegg frå 13 eigedomar på Litleskare frå eigedomane og fram til sjøen. Deler av anlegget vil ligge langs fylkesveg 404 Skarsvegen. Avlaupsanlegget vil krysse fylkesveg 404 ved Skarsvegen 679 og eit avstikk vil krysse fylkesvegn ved Skarsvegen 657.

Statens vegvesen har ikkje vesentlege merknader til at det vert lagt nytt felles avlaupsanlegg frå eksisterande eigedomar i området fram til sjøen. Vi gjer merksam på at på strekninga mellom Skarsvegen 679 og 657 der anlegget er vist langs fylkesveg 404 må anlegget leggast så langt frå eksisterande veg at det ikkje kjem i konflikt med framtidig utviding av veggen. Vi vil her foreslå at anlegget vert lagt minimum 3,0 meter frå vegkanten på fylkesvegen.

Når det gjeld kryssing av fylkesvegen må det søkjast Statens vegvesen om graveløyve. Slik søknad kan sendast til nordhordland.arbeidsvarsling@vegvesen.no. Før det kan gjevast løyve til arbeid med etablering av nytt avlaupsanlegg må det utarbeidast ein arbeidsvarslingsplan som skal godkjennast av Statens vegvesen. Dette kravet gjeld og strekninga der nytt avlaupsanlegg vert lagt langs eksisterande fylkesveg.

Bergen og Omland Havnevesen skriv i uttale mottatt 26.06.2015 følgjande:

Vurdering av tiltaket

BOH vurderer kun de sider av avløpsanlegget som berører sjøområdet. Ut i fra mottatt informasjon ser det ut til at det skal legges en avløpsledning i sjø fra gnr-bnr 148-8 og ut på 25 meters dyp. Vi kan ikke se at denne ledningen vil komme i konflikt med sikkerhet eller fremkommelighet i sjøområdet og har derfor ingen merknader til tiltaket. Vi gjør imidlertid oppmerksom på at det er registrert fiskeriinteresser (fiskeplass-aktive redskap) noen hundre meter lengre ut i sjø. Vi anbefaler derfor at søknaden sendes på høring til Fiskeridirektoratet i forbindelse med dispensasjonssøknaden.

Vi minner om at utlegging av sjøledningen krever tillatelse fra BOH, jf. hfl. § 27, første ledd. Søknad må sendes hertil i god tid før tiltak iverksettes. Søknadsskjema er tilgjengelig på bergenhavn.no

Nabovarsel

Det er søkt om fritak frå nabovarsling med slik grunngeving:

Vil med dette søke om unntak etter Plan og Bygningslova § 20 – 1, vedr. nabovarsling

Dette tiltaket vil kun foregå på eiendommer der både tiltakssted, samt nabo-eiendommer er eiet av medlemmer av Litleskaret Interimsstyret.

Da det er dette styret som står bak dette tiltaket, er samtlige underforstått med, og har akseptert de inngrep som vil foregå.

Eigedomane som er knytt til Litleskare avløpsanlegg er solidarisk ansvarlege for heile anlegget fram til slamavskiljaren på den enkelte eigedom. Grunneigareane som er berørt av tiltaket er alle medlemmar i Litleskaret Avløpsanlegg og har gjennom inngått avtale gjeve grunn for tiltaket. Kommunen vurderer at ytterlegare nabovarsling ikkje er naudsynt.

Plassering

Plassering og utsleppsstad er vist i kart datert 04.09.2014, mottatt 05.09.2014, som viser hovudavlaupsleidningen og revidert kart datert 30.03.2015, mottatt 27.04.2015, som viser hovudavlaupsleidning og stikkleidningar fram til den enkelte eigedom.

Tiltaket er plassert innafor byggegrense både langs Fylkesveg 404 og den kommunale vegen til Skarsvågen. I tillegg kryssar tiltaket begge vegane på fleire stadar.

Statens vegvesen har gjeve positiv uttale til søknaden i uttale datert 18.05.2015. Det må søkjast om graveløyve før arbeidet tek til.

Lindås kommune har i skriv datert 21.04.2014 gitt graveløyve.

Flaum, skred og andre natur- og miljøtilhøve

Ansvarleg søkjar har erklært at tiltaket ikkje skal plasserast i eit område der det er fare for flaum, skred eller andre natur- og miljøtilhøve som krev særskilte undersøkingar eller tiltak. Kommunen legg denne vurderinga til grunn for vedtaket.

Tekniske krav til byggverk

Tiltaket skal prosjekterast og førast opp i samsvar med forskrift om tekniske krav til byggverk (TEK), jf. pbl. § 29-5.

VURDERING

Dispensasjon

Det er to vilkår som må vere oppfylt for å gje dispensasjon etter pbl. § 19-2. For det første må dei omsyna som ligg bak føresegna det vert dispensert frå ikkje verta vesentleg sett til side. For det andre må fordelane ved å gje dispensasjon vere klart større enn ulempene, etter ei samla vurdering.

Ved dispensasjon frå planar skal det leggjast særleg vekt på nasjonale og regionale rammer, og det bør ikkje gjevast dispensasjon frå planar når ei direkte råka statleg eller regional styresmakt har gjeve negativ uttale til søknaden, jf. pbl. § 19-2 (4).

Ved dispensasjon frå lov og forskrift skal det leggjast særleg vekt på dispensasjonen sine konsekvensar for helse, miljø, tryggleik og tilgjenge.

Kommunen kan setja vilkår for dispensasjonen, jf. pbl. § 19-2. Vilkåra må liggja innafor ramma av dei omsyn lova skal ivareta, og det må vera ein naturleg samanheng mellom dispensasjon og vilkår, til dømes slik at vilkår så langt som mogleg kompenserer for ulemper dispensasjon kan medføre, jf. Ot.prp. nr. 56 (1984-85) s 102.

Omsøkte tiltak gjeld etablering av felles avlaupsleidning for 13 eigedomar med eksisterande avlaupsanlegg som ikkje tilfredsstillir dagens krav. Området er ikkje utbygd med kommunalt kloakkanlegg. Tiltaket vil etter administrasjonen sitt syn ikkje ha vesentlege negative verknader på arealbruk eller omgjevnader. Tiltaket vil gje ei oppgradering og forbetring av eksisterande situasjon og vil sikra ei

forsvarleg og helsemessig tilfredsstillande handtering av avlaupet frå eigedomane. Avlaupsleidningane skal gravast ned og terrenget skal reetablerast og vil såleis ikkje endra bruken av arealet.

Avlaupsleidningen går ut i sjø i område avsett til bruk og vern av sjø og vassdrag med tilhøyrande strandsoner. Arealføremålet er i seg sjølv ikkje til hinder for etablering av kloakkleidning, jf punkt 6.2 i føresegnene til kommuneplanen. I området er det fiskeriinteresser og det er avsett område til akvakulturanlegg. Kommunen vurderer at omsøkte tiltak er av ein slik storleik at det ikkje kjem i konflikt med desse interessene.

Administrasjonen finn etter ei samla vurdering at verken LNF-føremålet eller dei omsyna byggjeforbodet i strandsona skal ivareta vert skadelidande som følgje av tiltaket. Dispensasjon vert gitt som omsøkt.

Delar av avlaupsleidningen vil liggja innafor byggjegrensa langs fylkesveg 404 Skarsvegen, jf punkt 1.6 i føresegnene til kommuneplanen. Omsynet bak byggjegrensa er knytt til drift og vedlikehald og å sikra areal til eventuelle framtidige utviding av veganlegget. Statens vegvesen tilrår i uttale datert 18.05.2015 at avlaupsleidningen vert lagt med minimum avstand til vegkant på 3,0 meter. Administrasjonen finn å gje dispensasjon frå byggjegrensa langs fylkesveg 404 på vilkår som gitt i skriv frå Statens vegvesen.

Plassering

Tiltaket er plassert innanfor byggjegrensa langs kommunal veg til Skarsvågen. Det er ikkje søkt om dispensasjon frå byggjegrensa. Vegavdelinga uttalar munnleg at det er pårekneleg at dispensasjon vert gitt.

Tiltaket vert godkjent plassert slik det går fram av søknaden på vilkår av det ligg føre dispensasjon frå byggjegrensa langs kommunal veg for omsøkte plassering av avlaupsleidningen. Det må dokumenterast naudsynt graveløyve før kryssing av fylkesvegen.

Privatrettslege tilhøve

Anlegget skal plasserast på medlemmane i Litleskaret Avløpsanlegg sine eigedomar og er ikkje avhengig av ytterlegare privatrettslege løyve.

Ansvarsrettar og tiltaksklasse

Kommunen legg søkjar si vurdering av tiltaksklasse til grunn og godkjenner tiltaket i tiltaksklasse 1 for (PRO) og 2 for (UTF).

Føretaket **Lindås rør & sanitær AS**, org.nr. 935 347 920, har søkt ansvarsrett som **ansvarleg søkjar (SØK), prosjekterande (PRO) og utførande (UTF) for montering av felles avlaupsleidning til sjø.**

Administrasjonen forstår dette som alt ansvarsbelagt arbeid knytt til tiltaket, jf samtale med ansvarleg søkjar.

Føretaket har sentralgodkjenning som dekkjer ansvarsområdet.

VEDTAK

Med heimel i plan- og bygningslova § 19-2 vert det gjeve dispensasjon frå pbl § 11-6 (rettsverknad av kommuneplanen sin arealde) og pbl § 1-8 (byggjeforbodet i strandsona) for etablering av felles avlaupsleidning i samsvar med søknad mottatt 27.04.2015.

Med heimel i plan- og bygningslova §§ 20-1 vert det gjeve løyve til tiltak i eitt-trinn for etablering av felles avlaupsleidning i samsvar med søknad mottatt 07.05.2015 og på følgjande vilkår:

1. Tiltaket skal plasserast som vist i situasjonsplan datert 04.09.2014, mottatt 05.09.2014, som viser hovudavlaupsleidningen og revidert kart datert 30.03.2015, mottatt 27.04.2015, som viser hovudavlaupsleidning og stikkleidningar fram til den enkelte eigedom., jf pbl. § 29-4.
2. Tiltaket skal knytast til privat avlaupsanlegg i samsvar med utsleppsløyve i vedtak datert 17.08.2015, saknr 336/15.
3. Det skal liggja føre godkjend dispensasjon frå byggjegrensa langs kommunal veg før arbeidet tek til.
4. Det skal liggja føre godkjend løyve etter hamnelova før arbeidet tek til.
5. Det skal liggja føre godkjend graveløyve frå Statens vegvesen før arbeidet tek til.
6. Heile tiltaket vert godkjent i tiltaksklasse som omsøkt, jf SAK § 9-3.

Med heimel i plan- og bygningslova § 23-3 jf. § 23-4 (SØK) / 23-5 (PRO) / 23-6 (UTF) /23-7 (KTR) gjev kommunen godkjenning for følgjande ansvarsrettar:

FUNKSJON	FØRETAK	ORG.NR.	L/S *	TILT.KL.	ANSVAR SOMRÅDE
SØK	Lindås Rør & Sanitær AS	935 347 920	S	1	Ansvarleg søkjar
PRO	Lindås Rør & Sanitær AS	935 347 920	S	1	Heile tiltaket
UTF	Lindås Rør & Sanitær AS	935 347 920	S	2	Heile tiltaket

*S = Sentral godkjenning, L = Lokal godkjenning

Det er en føresetnad for vedtaket at føretak og personar som ikkje har sentral godkjenning har utarbeidd og teke i bruk føretakssystem i medhald av SAK kapittel 10.

Mynde

Saka er handsama og avgjort administrativt i medhald av delegert mynde, jf. kommunelova § 23 nr 4 og gjeldande delegasjonsreglement.

Klage

Vedtaket er eit enkeltvedtak etter reglane i lov om offentleg forvaltning (fvl). Vedtaket kan klagast på til kommunen, jf. fvl. §§ 28-36. Klagefristen er 3 veker frå melding om vedtak er motteke. Det er nok at klagen er postlagt innan fristen går ut. Klagen skal sendast skriftleg til kommunen. I klagen skal det gå fram kva det vert klaga på i vedtaket, og kva endringar ein ønskjer. Klagen skal grunngjevast.

Føretak som har fått avslag på søknad om ansvarsrett har særskilt rett til å klaga over dette vedtaket. Før det kan reisast søksmål om vedtaket er gyldig eller krav om erstatning, må høve til å klaga på vedtaket vera nytta fullt ut, jf. fvl. § 27b.

Kopi av dette vedtaket, samt andre saksdokument, skal alltid vere tilgjengeleg på byggeplassen. Ved all vidare kontakt i denne saka, ver venleg og referer til saknr.: 14/6444

Ansvar

Tiltakshavar er ansvarleg for at byggverket vert oppført i tråd med føresegner gjeve i eller i medhald av plan- og bygningslova, jf. pbl. § 23-1, 2. ledd. Om søknaden er i strid med offentlege føresegner gjeld

føresegnene før løyvet. Vedtak etter plan- og bygningslova inneber ikkje avgjerd i privatrettslege tilhøve, jf. pbl. § 21-6.

Bortfall av løyve

Om byggearbeidet ikkje er sett i gang innan 3 år etter at dette løyvet er gitt, eller vert innstilt i lengre tid enn 2 år, fell løyvet bort, jf. pbl. § 21-9. Dette gjeld også dispensasjonsløyvet.

Avfall

Alt avfall som tiltaket fører med seg skal leverast til mottak godkjent av forureiningsstyresmakta.

Ferdigstilling

Tiltaket skal avsluttast med ferdigattest, jf. pbl. § 21-10 og SAK § 8-1. Ingen delar av byggverket må takast i bruk før ferdigattest eller mellombels bruksløyve ligg føre.

Sluttdokumentasjonen skal vise at tiltaket er utført i samsvar med løyve og føresegner gjeve i eller i medhald av plan- og bygningslova. Om det er justeringar i tiltaket i høve til løyvet som ikkje krev søknad om endring, skal ansvarleg søkjar seinast ved søknad om ferdigattest senda oppdatert situasjonsplan og teikningar til kommunen. Ved søknad om ferdigattest skal søkjar stadfesta at høveleg dokumentasjon for forvaltning, drift og vedlikehald er overlevert byggverket sin eigar. I tiltak der det er krav om avfallsplan eller miljøsaneringsutgreiing skal sluttrapport som dokumenterer faktisk disponering av avfall leggast ved søknad om ferdigattest.

Når det står att mindre vesentlege arbeid kan kommunen gje mellombels bruksløyve for heile eller deler av tiltaket. I søknad om mellombels bruksløyve skal søkjar identifisera attståande arbeid, stadfesta at byggverket har tilfredsstillande tryggleik, og setja tidspunkt for ferdigstilling. Oppdatert gjennomføringsplan skal alltid leggast ved søknad om ferdigattest/mellombels bruksløyve.

Før det vert gjeve ferdigattest/mellombels bruksløyve for tiltaket må følgjande liggja føre:

- Faktisk plassering av tiltaket må vere målt inn, og koordinatar sendt kommunen.

Gebyr

Med heimel i plan- og bygningslova § 33-1 og Lokal forskrift om gebyr for teknisk forvaltningsteneste vert det følgjande gebyr i saka:

Kode	Skildring	Tal	Sum
9.1.1	Dispensasjon som gjeld pbl § 1-8	1	Kr 8 400
9.1.5	Andre dispensasjonar som gjeld plan, lov eller forskrift	1	Kr 8 400,-
10.2.5	Basisgebyr for konstruksjonar og anlegg	1	Kr 10 000,-
	Totalt gebyr å betala		Kr 26 800,-

Gebyret skal vere betalt innan 30 dagar rekna frå fakturadato og før arbeidet kan setjast i gang, jf. pbl § 21-4 (6).

Klage

Gebyr for teknisk forvaltningsteneste er fastsett ved forskrift. Det er ikkje høve til å klaga over ei forskrift, jf. forvaltningslova §§ 3, 28 og 40. Det kan difor ikkje klagast over at det vert kravd gebyr, eller over storleiken

på gebyret. Det kan klagast over kva punkt i regulativet gebyret er rekna ut i frå. Klagen skal vera grunnngjeven.

Med helsing

Tor Hegle
avdelingsleiar

Anne Lise Molvik
rådgjevar

Dette dokumentet er elektronisk godkjent og har difor ingen signatur.

Kopi til:

Bergen og Omland Havnevesen	Postboks 6040	5892	BERGEN
Fylkesmannen i Hordaland	Postboks 7310	5020	Bergen
Litleskare Avløpsanlegg	Interimstyret v/ Thor Litleskare	5911	ALVERSUND
Statens vegvesen	Askedalen 4	6863	LEIKANGER

Mottakarar:

Lindås Rør og Sanitær AS	Burkhovdane 1	5914	ISDALSTØ
--------------------------	---------------	------	----------